



Skien, den 25.09.25

Høyringsinnlegg frå Besteforeldrenes klimaksjon i Telemark ang. *Bærevann og Nukedalen-Vindsås* -Fensfeltet grønn mineralpark

Viser til dokumentet *Valg av alternativ for Fensfeltet grønn mineralpark – høring* datert 2808.25, kor Nome kommune inviterer til offentlig høyring ang. to alternative lokaliseringar av ein framtidig mineralpark (industriområde) i samband med gruvedrift på Fensfeltet.

Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA) er ein norsk tverrpolitisk organisasjon som arbeider for ein ansvarleg klima- og naturpolitikk på vegne av komande generasjonar.

Val av lokalisering -eit sentralt vegval

Denne saka dreier seg om eit stort og komplisert prosjekt kor det er forventningar om stor nytteverdi av verdifulle mineral frå Fensfeltet ; men som samtidig gir mange utfordringar når det gjeld natur/miljø og klima.

Det har vore ulike vurderingar av rekkefølge på dei ulike elementa som inngår i denne omfattande prosessen, det har vore foreslått at lokalisering burde avgjerast på eit seinare trinn når fleire andre spørsmål er meir avklart. Uavhengig av dette vil vi påpeke at val av lokalisering er eit sentralt vegval som legg tunge premissar for det vidare arbeidet med å finne best løysing på ulike delspørsmål i prosessen. Og konsekvensane vil vera langvarige. Utgreiings- og planleggingsprosessen er tidkrevjande men **ambisjonen må vera at resultatet skal kunne forsvareast i eit århundreperspektiv**. Det tilseier at det trengs å gjera alle undersøkingar og vurderingar som potensielt kan medverke til å minimere skadelege verknadar ved etablering og drift av gruve og tilhøyrande anlegg.

Det blir i høyringsdokumentet frå kommunen angitt at det er gjort utgreiing med siktemål å gi tilråding om kva alternativ som best følgjer opp premissane om minst mogleg negative konsekvensar og mest mogleg positive ringverknadar, og med ei løysing som totalt sett kjem heile Nome-samfunnet til gode. Anbefalingane skal også vurdere områdets industrielle attraktivitet for rettshavarane.



Besteforeldrenes klimaksjon i Telemark

Nome kommune har lagt opp til ein prosess i kommunen, kor mange spørsmål på dette stadiet i prosessen så langt er uavklarte. Ang. det presenterte høyringstemaet er det gjort grundige naturkartlegging av 4 område.

På dette grunnlaget har kommunen har peikt på to alternative plasseringar av industrianlegget: *Område 1: Nukedalen – Vindsås med atkomst via Dagsrud ; Område 2: Bærevann.*

2.Bærevann.

Kartleggingar har vist ei heilt uvanleg mengde raudlistearter, så langt 78, spreidd utover eit område på omlag 4 km². Det er funne mange naturtypar, og 67 av desse er på raudlista - 8 i kategorien *Sterkt trua* – EN. Norge har eit særleg forvaltningsansvar for 6 av desse artene, to arter (grønnsko og sinoberbille) står på Bern-konvensjonens liste over truga arter og omfattast også av *Forskrift om fredning av truede arter*. Det er potensiale for enno fleire funn. **Det er tydeleg at dette området har svært verdifulle, umisselege naturverdiar. BKA kan derfor ikkje støtte alternativet Bærevann.** Det bør leggjast vekk som heilt uaktuelt.

1.Nukedalen-Vindsås.

Desse områda har òg stort naturmangfald, og med myr-areal som er viktig i klimasamanheng.

For Vindsås er det gjort funn av 52 naturtypelokalitetar, der 30 er raudlista. Av desse naturtypelokalitetane har 28 høg til svært høg kvalitet. Det er funne 34 raudlistearter, kor det er 3 i kategori *Sterkt truga* -EN og 7 i kategorien *Sårbar* -VU; og 1 art er omfatta av *Forskrift om fredning av truede arter*.

I Nukedalen er det gjort funn av 50 naturtypelokalitetar, der 28 har høg til svært høg kvalitet. 35 av naturtypane står på raudlista. Det er gjort funn av 50 raudlistearter, der 6 er i kategori *Sterkt truga* -EN og 12 i kategori *sårbar* -VU; og 2 av artene er omfatta av *Forskrift om fredning av truede arter*. I tillegg til den freda Sinoberbilla, vart det gjort funn av den sterkt truga billa *Corticeus suturalis* (EN), samt *Corticeus longulus* (VU) og *Plegaderus saucius* (VU). Dei sist nemnte billeartene finnes berre i landskap kor naturskogspreget er framtrедande.

Resultatet frå kartlegging av desse to områda viser at etablering også her vil ha veldig alvorlege konsekvensar, i form av uakseptabelt tap av naturverdiar og tap for friluftsliv -sjølv om ein prøver tillempe med å justere avgrensinga av området. **Ut frå**



Besteforeldrenes klimaksjon i Telemark

det som er funne i utgreiinga kan BKA derfor heller ikkje støtte *alternativet Nukedalen -Vindsås*.

Behov for medverknad ut oiver Nome kommune

Det er gjort utgreiing frå Nome kommune si side, og med konsekvensvurdering; grundigast med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskapsbilde *for dei utpekte områda*. Undersøkingar viser at tiltak i områda vil resultere i dramatisk store negative konsekvensar for natur og friluftsliv. På dette stadiet er det derfor heilt påkravd å finne kva alternativ som finns, og det trengs tilsvarande konsekvensutgreiing av alle moglege område innafor akseptabel avstand frå mineralførekomsten.

Det er ein kritisk mangel at planleggings- /lokaliserings-prosessen er avgrensa til innafor kommunegrensa til Nome.

Det bør takast initiativ til å løfte dette nasjonalt viktige store prosjektet til eit nivå med statleg og interkommunalt engasjement for samarbeid om dei beste løysingane.

Når det blir arbeidd med å etablere ei verksemd av dette omfanget er det av omsyn til naturverdiar og andre sentrale samfunnsinteresser kritisk viktig å søkje finne dei mest optimale og aller minst skadelege løysingane; løysingar som kan stå seg for framtida.

Det trengs derfor tilsvarande KU av andre potensielle område innafor akseptabel avstand. I utvalet bør det da inkluderast område med ein del lengre avstand frå gruve til industrianlegg enn 6 km som det i denne omgangen vart lagt opp til, med fleire alternativ innafor Nome eller i nabokommunar, uavhengig av kommunegrense.

Transport

Den verdifulle massen med REE som skal transporterast er opplyst å kunne utgjera omlag 1 lastebillass kvar dag. Men det er angitt eit betydeleg volum med avgangsmasse som skal handterast. Mykje er på dette tidspunktet uavklart når det gjeld massedeponering, vi forstår det ut frå kommunen sitt høyringsdokument slik at berekningane så langt tek høgde for deponering ein del år framover og at det er ingen avklarte fornuftige bruksføremål for avgangsmasse og det impliserer at masse må deponerast på staden (eller transporterast til anna deponi). Dersom det blir funne eit nyttig bruksområde for massen vil det òg bli eit transportbehov. Det er angitt eit betydeleg volum, 142-190 lastebillass dagleg, viss avgangs-massar skal fraktast ut for å redusere deponibehov. For å finne den beste transportløysinga trengs det



Besteforeldrenes klimaksjon i Telemark

grundig utgreiing av alle transportalternativ. Det er angitt som mogleg å anleggje jernbane, som alternativ til vegtransport.

Det må i tillegg gjerast ei grundig utgreiing av transport på vann, på Telemarkskanalen.

Det er tradisjon for lekertransport etc. fram til industriområde /hamn. Dersom dette viser seg gjennomførleg kan klimaavtrykket frå transport bli betydeleg redusert jamført med andre løysingar. Jfr høringsbrev frå *Bevar sjøveien til Telemarkskanalen*.

Det er så langt stort sett ikkje gjort vurderingar av mogleg forureining slik som *avrenning til vatn*, utfordringane kan heilt klart stille seg ulikt alt etter kva lokalisering som blir vald. **Ei førebels vurdering av utfordringar med avrenning bør derfor inkluderast i undersøking.**

Tilsvarande bør det alt på dette stadiet i prosessen klargjerast kva utfordringar radioaktivitet vil utgjera, og korleis sikre mot skadeleg radioaktivitet både i anleggs- og driftsfase.

Styret For Besteforeldrenes klimaaksjon i Telemark,
v/Magnar Nesset , styreleiar